

Referat soknemøte Kviteseid sokn - 01.05.2022

Soknemøtet var i Kviteseid kyrkje – etter gudstenesta. 22 personar var til stades.

Saker:

1) Konstituering av soknemøtet.

a) Godkjenning av innkalling og sakliste. Godkjent.

b) Val av ordstyrar/møteleiar: Marit Gotuholt.

Val av referentar: Dagfinn Køhn og Sigrun Moen.

Val av to personar til å underteikne protokoll: Gunhild Dobbe og Astrid Tveten.

2) Årsmelding.

Møteleiaren gjekk gjennom hovuddelane av årsmeldinga (oppsummering, medlemmer i soknerådet, saker i soknerådet, tilsette, vedlikehaldsarbeid, investeringsprosjekt).

Møyfrid Lunde orienterte om gudstenestelivet i soknet. Kirsti Skjæveland la fram rapport om arbeidet i diakoniutvalet. Olav Holm presenterte kva for oppgåver han har hatt i samband med organistjobben (speling ved gudstenester, barnegospel, Unge Røyster, Kviteseid Soul Children + ulike konsertar).

Spørsmål / kommentarar som kom opp i samband med denne saka:

- Innkøyring / vegrett til Kviteseid gamle kyrkje. Saka har vore opp i soknerådet tidlegare. Administrasjonen kjem til å kontakte grunneigar. Soknerådet tek saka opp att ved eit seinare høve.
- Korleis få ut informasjon om kyrkjelege aktivitetar og kulturelle arrangement i kyrkja? Forslag om å få hjelp (t.d. av ungdommar) til å dele informasjon på nettet og sosiale medium.

Årsmeldinga godkjend.

3) Årsrekneskap for 2021.

Kristen Salmelid orienterte om hovudpunkta i årsrekneskapen for 2021. Etter nok eit «unormalt» år (korona), har resultatet likevel blitt bra, sjølv om det viser eit lite meirforbruk på kr. 59.422,-.

Årsrekneskapen godkjend.

4) Planar for 2022.

- Endring/forenkling av nattverd i familiegudteneseter.
- Nye varmeomnar i Kviteseid kyrkje. Omn under kvar benk – enkle i bruk.
- Vindaugsruter (blyglas) i Kviteseid kyrkje, men vanskeleg å finne folk som kan utføre jobben.

5) Budsjett for 2022.

Blir lagt ut seinare – på nettsida til Kviteseid sokn. www.kviteseid.sokn.no

Soknemøtet takka tilsette og frivillige for arbeidet som har blitt utført i 2021.

Sigrun Moen

Sigrun Moen

Astrid Tveten

Gunhild Dobbe